

RAPPORT

Veg 2021/01



RAPPORT OM VEGTRAFIKKULUKKE PÅ E6 VED KONGSVOLL I OPPDAL KOMMUNE 25. OKTOBER 2019



English summary included

Statens havarikommisjon (SHK) har utarbeidd denne rapporten utelukkande for å betra trafikktryggleiken. Føremålet med undersøkinga er å identifisera feil eller manglar som kan svekka trafikktryggleiken, anten dei er årsaksfaktorar eller ikkje, og fremja tilrådingar. Det er ikkje Havarikommisjonen si oppgåve å fordela skuld og ansvar. Denne rapporten bør ikkje brukast til anna enn førebyggande tryggleksarbeid.

ISSN 1894-5929 (digital utgåve)

Statens havarikommisjons verksemde er heimla i lov 18. juni 1965 nr. 4 om vegtrafikk § 44 jf. forskrift 30. juni 2005 nr. 793 om offentlige undersøkelser og om varsling av trafikkulykker mv. § 2.

INNHALDSLISTE


MELDING OM ULUKKA	3
SAMANDRAG	4
ENGLISH SUMMARY	4
1. FAKTISKE OPPLYSNINGAR	5
1.1 Hendingsforløp	5
1.2 Personskadar	6
1.3 Overlevingsaspekt	6
1.4 Skadar på køyretøy	6
1.5 Andre skadar	8
1.6 Ulukkesstaden	8
1.7 Trafikantar	9
1.8 Køyretøy og last	9
1.9 Vêr- og føreforhold	12
1.10 Vegforhold	18
1.11 Tekniske registreringssystem	32
1.12 Medisinske forhold	33
1.13 Særskilde undersøkingar	33
1.14 Lover og forskrifter	33
1.15 Styresmakter, organisasjonar og leiing	34
1.16 Andre opplysningar	35
2. ANALYSE	38
2.1 Innleiing	38
2.2 Vurdering av hendingsforløp og overlevingsaspekt	38
2.3 Vêr- og føreforhold	41
2.4 Vinterdrift og tryggleik	42
3. KONKLUSJON	46
3.1 Operative, tekniske og lokale faktorar	46
3.2 Attomliggande faktorar	47
3.3 Andre undersøkingsresultat	47
4. TRYGGLEIKSTILRÅDING	48
REFERANSAR	49
VEDLEGG	51

RAPPORT OM VEGTRAFIKKULUKKE

Dato og tidspunkt:	25. oktober 2019 kl. 1227	
Ulukkesstad:	E6 Dovrevegen, ca. 1,5 km nord for Grønbakken og ca. 2,1 km sør for Kongsvoll i Oppdal kommune og Trøndelag fylke (905 moh.)	
Vegrn, hovedparsell (hp), km:	Ev6, hp1, m3368	
Ulukkestype:	Møteulukke	
Køyretøy (type og kombinasjon):	Personbil (Volkswagen Sharan)	Lastebil (Mercedes-Benz Actros)
Type transport:	Privat persontransport	Betontransport

MELDING OM ULUKKA

Statens havarikommisjon (SHK) blei kl. 1315 den 25. oktober 2019 varsla av operasjonssentralen i Trøndelag politidistrikt om at det hadde skjedd ei møteulukke mellom ein personbil og ein betongbil på E6 ved Kongsvoll i Oppdal kommune. Vakthavande havariinspektør tok deretter kontakt med politiet sin innsatsleiar og lennsmannen i Oppdal for utfyllande informasjon om ulukka. SHK rykka ut til ulukkesstaden same dag og gjennomførte intervju i Oppdal dagen etterpå.



Figur 1: Ulukka skjedde på E6 mellom Grønbakken og Kongsvoll i Oppdal kommune. Personbilen køyde nordover då han kolliderte med ein betongbil på veg sørover. Kart: © Kartverket. Illustrasjon: SHK

SAMANDRAG

Ein personbil med førar og tre passasjerar køyerde 25. oktober 2019 nordover på E6 då han ca. 1,5 km nord for Grønbakken i Oppdal kommune fekk sleng og skrensa på det delvis snødekte underlaget. Personbilen kom over i motgåande køyrefelt og kolliderte med høgresida først i fronten på ein betongbil. Det var snøvêr og krevjande føreforhold då ulukka skjedde. Personbilen blei kraftig deformert som følge av samanstøyten. Tre av dei fire personane i personbilen omkom i ulukka, medan den fjerde blei alvorleg skada.

SHKs undersøking har vist at det var fleire samanfallande faktorar som medverka til at ulukka skjedde. Både krevjande føreforhold, nedstiging, varierande kurveradius og for lite tverrfall kan ha medverka til at personbilen fekk sleng og skrensa i den aktuelle hastigheita. Ulukka skjedde i eit område med fleire og ulike typar overgangar. Grensa mellom driftskontraktane for dei to rodene i området og fylkesgrensa gjekk like sør for ulukkesstaden, kor både den geometriske vegutforminga og vêr- og føreforholda endra karakter. Dei tilgrensande rodene var klassifisert i ulike vinterdriftsklassar, med tilhøyrande ulike krav til tiltak ved vêrhendingar.

Ulukka skjedde på ein stad kor tilstanden på vegen kravde meir av personbilsføraren enn det han klarte å handtera i situasjonen han hamna i like før ulukka. Både denne og tidlegare undersøkingar gjennomført av SHK har vist at ulukkene typisk skjer på stader som krev ekstra veggrep til manøvrering og hastigkeitstilpassing på grunn av geometrisk vegutforming og vêr- og føreforhold.

SHK fremjar éi tryggleikstilråding i denne undersøkinga.

ENGLISH SUMMARY

On 25 October 2019, a passenger car carrying a driver and three passengers was travelling north on the E6 road when it skidded on the partially snow-covered surface approx. 1.5 km north of Grønbakken in Oppdal municipality. The passenger car crossed over into the opposite lane, where it collided head-on with a concrete mixer truck. It was snowing at the time of the accident, and the driving conditions were demanding. The passenger car was severely deformed as a result of the impact. Three of the car's four occupants died in the accident, while the fourth was seriously injured.

The NSIA's investigation has shown that there were several coinciding factors which contributed to the accident. Demanding driving conditions, the downward incline, varying curve radius and insufficient cross-fall could all have contributed to the passenger car skidding at the current speed. The accident happened in an area with several and different types of transitional factors. The boundary between the sections of road covered by the two maintenance contracts in the area and the county border were just south of the accident site, where both the geometric road design and the weather and driving conditions changed character. The adjacent maintenance areas were assigned to different winter maintenance classes, and therefore subject to different requirements concerning measures to be implemented in connection with weather events.

The accident happened at a place where the road conditions demanded more of the passenger car driver than he was able to handle in the situation in which he found himself just before the accident. Both this investigation and previous investigations conducted by the NSIA have shown that accidents typically occur in locations that are more demanding in terms of speed adjustment and road grip for manoeuvring due to the geometric road design and weather and driving conditions.

The NSIA submits one safety recommendation in connection with this investigation.

1. FAKTISKE OPPLYSNINGAR

1.1 Hendingsforløp

Fredag 25. oktober 2019 kl. 1227 køyerde ein personbil med førar og tre passasjerar nordover på E6 Dovrevegen. På veg nedover Drivdalen i retning Oppdal, i ein nedoverbakke og venstrekurve ca. 1,5 km nord for Grønbakken vêrstasjon (sjå figur 1), fekk han sleng og skrensa på det delvis snødekte underlaget (sjå figur 2). Personbilen kom over i motgåande køyrefelt og kolliderte med høgresida først i fronten på ein sørgåande lastebil. Lastebilen var utstyrt med betongpumpe og betongmiksar med ca. 2,5 m³ betong.



Figur 2: Ulukkesstaden 29 minutt etter kollisjonen. Foto: Privat

Føraren av lastebilen har forklart at han fekk auge på personbilen og at denne kom køyrande i «medium hastighet» ned bakken før kollisjonspunktet. Då lastebilføraren var i ferd med å gira ned for å ta fatt på oppoverbakken, såg han at personbilen hadde fått

sleng og var på veg over i hans køyrefelt med sida først. Lastebilføraren hadde allereie begynt å bremsa då personbilen trefte lastebilen i fronten. Spor på ulukkesstaden viste at lastebilen stansa ca. 35 meter etter samanstøyten i si køyreretning, og at hjula hadde vore låst i delar av denne strekninga. Personbilen blei skyvd og deretter slungen ca. 40 meter bakover frå kollisjonspunktet. Personbilen blei kraftig deformert som følge av samanstøyten med lastebilen.

1.2 Personskadar

Føraren og to av dei tre passasjerane i personbilen blei erklært omkomne på ulukkesstaden. Passasjeren som sat i venstre baksete var hardt skada og blei flogen med luftambulanse til Ullevål sjukehus. Vedkomande døydde i september 2020.

Føraren av lastebilen blei ikkje fysisk skada i ulukka.

1.3 Overlevingsaspekt

1.3.1 Redningsarbeid

Føraren av lastebilen varsla naudetatane kort tid etter kollisjonen, og politiet fekk melding om ulukka ca. kl. 1230. Dei første vitna som kom til ulukkesstaden oppdaga at personen som sat på venstre side i baksetet i personbilen pusta. Dette var same person som seinare blei flogen med luftambulansen til Ullevål sjukehus. Dei tre andre personane i personbilen blei erklært døde på staden. To av desse sat fastklemte i seta framme, medan den tredje sat på høgre side i baksetet. Både brannvesen, ambulanse og politi deltok i redningsarbeidet.

1.3.2 Overlevingsrom og tryggleiksutstyr i personbilen

Det var ikkje overlevingsrom¹ på førarplassen, passasjerplassen framme eller passasjerplassen på høgre side bak i personbilen.

Teknisk undersøking av bilbelta i personbilen viste at alle hadde vore i bruk. Det var ikkje teikn til feil på nokon av bilbelta.

Personbilen var utstyrt med frontkollisjonsputer for å beskytta hovud- og brystområdet for førar og passasjer framme ved kraftige frontkollisjonar. Personbilen var òg utstyrt med sidekollisjonsputer² for å redusera faren for skader i brystområdet (på den sida av kroppen som vendar mot døra der kollisjonen skjer) for førar og passasjer framme. Ingen av kollisjonsputene blei utløyst i kollisjonen.

1.4 Skadar på køyretøy


1.4.1 Personbilen

Det var omfattande skadar på personbilen etter ulukka (sjå figur 3). Tekniske undersøkingar viste at karosseriet på personbilen si høgre side var pressa inn ca. 1,3

¹ Det tilgjengelege rommet, etter deformasjon eller inntrykking av karosseridelar ved kollisjon, som bilførar og passasjerar har att i kupeen for å kunne overleva ulukka.

² Ifølgje personbilen si instruksjonsbok skal sidekollisjonsputene løysast ut ved kraftige sidekollisjonar. Avhengig av for eksempel kollisjonsvinkelen, eller om den målte retardasjonen i kollisjonen er under referanseverdien i styreeininga, kan det vera at dette likevel ikkje skjer, sjølv om kollisjonen kan føra til at bilen blir sterkt deformert.

meter på det meste, målt frå høgredekka sine ytterkantar. Karosseriet på personbilen si venstre side var pressa utover frå sin normalposisjon.




Figur 3: Personbilen sett skrått framanfrå. Foto og illustrasjon: SHK

1.4.2 Lastebilen

Lastebilen hadde synlege skadar i heile den nedre delen av frontpartiet etter ulukka (sjå figur 6). Forstillinga var noko skeiv og framhjula let seg i liten grad snuast på ved hjelp av rattet.

Det blei gjennomført eit 3D-skann av ulukkesstaden og køyretøya etter kollisjonen. Dei skanna køyretøya blei deretter flytta saman for å illustrera korleis dei kunne ha vore plassert i forhold til kvarandre i kollisjonsaugeblikket. På ein slik måte at dette passa nokolunde med dei dokumenterte skadane (sjå figur 4). Samanstillinga syner at personbilen kan ha treft lastebilen med ein vinkel på ca. 116° .




Figur 4: Køyretøya flytta saman for å illustrera korleis dei kan ha vore plassert i forhold til kvarandre i kollisjonsaugeblikket. 3D-skann og redigering: Statens vegvesen. Illustrasjon: SHK

1.5 Andre skadar

Det blei ikkje påført nemneverdige skadar på infrastruktur eller andre gjenstandar i ulukka.

1.6 Ulukkesstaden

Statens vegvesen fann merke i asfalten etter samanstøyten og bremsespor etterlatne av piggane på dekka til lastebilen. Det første nedslagsmerket etter samanstøyten i lastebilen si køyreretning blei funne 35,1 meter bak fremre del av lastebilen (sjå figur 5). Det blei funne bremsespor frå lastebilen på heile dette strekket. Det blei ikkje funne skrense- eller bremsespor etter personbilen.



Figur 5: Nedslagsmerka etter samanstøyten, bremsespora etter lastebilen og køyretøya sine sluttposisjonar. Det blei funne bremsespor frå lastebilen sine piggdekk heilt bak til nedslagsmerka etter samanstøyten, men desse er ikkje vist her. Foto: © Kartverket. Illustrasjon, GPS-registreringar og måldata: Statens vegvesen. Illustrasjon: SHK

1.7 Trafikantar

1.7.1 Føraren av personbilen

Føraren av personbilen var ein utanlandsk mann med EØS-førarkort for klasse B (personbil). Han hadde budd fleire år i Noreg og hadde god erfaring med å køyra på vinterstid. Han hadde køyrd vegstrekninga fleire gonger tidlegare og kjende både området og E6 godt.

1.7.2 Føraren av lastebilen

Føraren av lastebilen var ein norsk mann med førerett i fleire klassar, mellom anna klasse C (lastebil). Han var tilsett hjå Oppdal Betong AS som betongtransportør/betongpumpar, og kørde på oppdrag for denne verksemda då ulukka skjedde. Han hadde då køyrd betongpumpebil i over sju år, og hadde i tillegg erfaring med å køyra både vanleg lastebil, grusbil og brøytebil. Han hadde køyrd den aktuelle lastebilen frå då denne var ny, i om lag 2,5 år. Han var godt kjend på vegstrekninga kor ulukka skjedde.

1.8 Køyretøy og last

1.8.1 Personbilen

Personbilen var ein framhjulsdriven Volkswagen Sharan 2001-modell med plass til sju personar. Registrert eigar av køyretøyet var passasjeren som sat i framsetet då ulukka skjedde. Køyretøyet var registrert med ei lengde på 474 cm, breidde på 182 cm, eigenvekt utan førar på 1 591 kg og tillaten totalvekt på 2 430 kg.

Det var ikkje mogleg å lesa av kilometerstanden då SHK undersøkte køyretøyet saman med Statens vegvesen etter ulukka. Kilometerstanden var 190 952 km ved siste periodiske køyretøykontroll (PKK), som blei utført 25. juni 2019. Statens vegvesens ulukkesgruppe i Trøndelag vurderte køyretøyet til å ha vore i forskriftsmessig god stand før ulukka (Statens vegvesen, 2020).

Køyretøyet hadde piggfrie vinterdekk. Framdekka var av merket Kuhmo I'zen KW31, medan bakdekka var av merket Continental ContiVikingContact™ 5. Alle dei fire dekkha hadde påskrifta «M+S» («Mud and Snow») og symbolet for «Three Peak Mountain Snowflake» («3PMSF»), sjå kapittel 1.14.1. Mørnsterdjupna var ca. 7,0–7,5 mm framme og ca. 4,5–5,0 mm bak. Begge framdekka var punkterte, men trykket i dekka bak var 2,6 bar. Framdekka var om lag tre år og fire månadar gamle, medan bakdekka var rett i overkant av seks år gamle då ulukka skjedde.

Køyretøyet var utstyrt med blokkeringsfrie skivebremser (ABS-bremser) både framme og bak. Det var ikkje mogleg å funksjonstesta bremseene etter ulukka, men alle bremseklossane og bremseskivene blei kontrollerte og funne i orden.

Køyretøyet blei levert med elektronisk stabilitetskontroll (ESC) då det var nytt, men det var ikkje mogleg å testa om dette systemet fungerte etter ulukka.

Det var ikkje mogleg å kontrollera verken styringa eller hjulopphengen på køyretøyet. Det var heller ikkje mogleg å vurdera sikta gjennom vindauge eller speila eller å funksjonstesta lysa. Undersøkingar av bremselyspærene viste ingen teikn på at dei hadde vore tende i kollisjonsaugeblikket.

Generelt sett vil last med ei vekt som påverkar totalvekta til eit køyretøy ha betydning for kor mykje energi som blir utløyst i ein kollisjon. I tillegg vil totalvekta ha noko å seia for samantrykkinga av fjørene og dermed høgda mellom bakkeplanet og undersida av køyretøyet sitt karosseri. Plasseringa av lasta kan ha betydning for køyretøyet sitt tyngdepunkt. Personbilen i denne ulukka var lasta med diverse reisegods pakka i koffertar og bagar. Ein del av dette blei funne forskjellige stader på ulukkesstaden og ein del var att i køyretøyet etter ulukka. Heile lasta blei vegen til ca. 112 kg. Køyretøyet var utstyrt med ein takboks, men ettersom denne blei knust i samanstøyten, var det ikkje mogleg å seia noko om korleis lasta var fordelt mellom takboksen og bagasjerommet i køyretøyet.

Skadane på køyretøya tyda på at personbilen koliderte delvis under fronten på lastebilen, og at mesteparten av samanstøyten skjedde over golvhøgda på personbilen. På grunn av dei omfattande skadane blei det ikkje gjort høgdemålingar på personbilen etter ulukka. Ei dokumentert måling på ein tilsvarande bil (utan last) frå same årstal viser ei høgde frå bakkeplanet og opp til undersida av karosseriet ved midtstolpen på ca. 24 cm, og ei høgde mellom bakkeplanet og oversida av dørlista på ca. 33 cm (Dr. Steffan Datentechnik, 2020).

1.8.2 Lastebilen

Lastebilen var ein fireaksla Mercedes-Benz Arocs 2017-modell, som var utstyrt med både betongpumpe og betongmiksar. Køyretøyet var registrert med ei lengde på 1 006 cm, breidde på 250 cm, eigenvekt utan førar på 23 110 kg og tillaten totalvekt på 35 000 kg.

Køyretøyet var registrert under køyretøygruppe N3G (terrenggåande lastebil med tillaten totalvekt over 12 000 kg), og var dermed unntakekravet om avskjerming mot underkjøring framme (sjå kapittel 1.14.2).

Køyretøyet var lasta med ca. 2,5 m³ betong på ulukkestidspunktet, som av lastebilføraren blei anslått å utgjera ca. 5 500 kg. Køyretøyet vog dermed totalt ca. 28 600 kg utan førar.

Køyretøyet hadde kørt 62 368 km då ulukka skjedde. Kilometerstanden var 44 075 km ved siste periodiske køyretøykontroll (PKK), som blei utført 29. april 2019. Statens vegvesens ulukkesgruppe i Trøndelag vurderte køyretøyet til å ha vore i teknisk god stand før ulukka (Statens vegvesen, 2020).

Køyretøyet var utstyrt med i alt tolv hjul. Fire av hjula var fordelt på dei to styreakslingane framme og dei resterande åtte hjula var fordelt på dei to drivakslingane bak. Alle hjula var utstyrt med vinterdekk av merket «Continental». Det let seg ikkje gjera å sjå alt av merkinga på dei fire inste dekka bak då lastebilen blei undersøkt, men alle dei åtte andre dekka hadde påskrifta «Winter M+S» («Mud and Snow») og symbolet for «Three Peak Mountain Snowflake» («3PMSF»). Dekka på første og andre aksling og dei to inste av dei fire dekka på tredje aksling var utstyrt med piggar. Mønsterdybda var meir enn tilstrekkeleg på alle dei tolv dekka.

Køyretøyet var utstyrt med elektronisk bremsesystem (EBS) og blokkeringsfrie skivebremser (ABS) både framme og bak. Det var ikkje mogleg å funksjonstesta bremsesystemet etter ulukka, men alle bremseklossane og bremseskivene blei kontrollerte visuelt og funne i orden. Det blei i tillegg gjort ei utskrift av køyretøyet sine diagnoseregistreringar i etterkant av ulukka. Denne synte at det var feil på begge av køyretøyet sine EBS-sensorar framme, som det kunne visast til hadde oppstått i samanstøyten med personbilen.

Høgda frå bakkeplanet og opp til der fronten begynte å skrå bakover til ein tverrstolpe blei målt til ca. 76 cm etter ulukka. Frå bakkeplanet og opp til undersida av denne stolpen var det ca. 50 cm. Omrentleg avstand mellom desse to punkta i horisontalplanet var ca. 35 cm (sjå figur 6).



Figur 6: Lastebilen sett skrått framanfrå, med mål på høgda mellom bakkeplanet og punktet der fronten begynte å skrå bakover til ein tverrstolpe, høgda mellom bakkeplanet og undersida av denne stolpen og omtrentleg horisontal avstand mellom desse to punkta. Foto og illustrasjon: SHK


1.9 Vêr- og føreforhold

1.9.1 Registrerte vêrdata

Vêrdata registrert på ulukkesdagen ved Statens vegvesens vêrstasjon på Grønbakken (942 moh. og ca. 1,5 km sør for ulukkesstaden) viste at lufttemperaturen kl. 1230 var -3,9 °C, at det blåste 2,9 m/s frå vest-sørvest (dreiane frå nord i timane før), og at nedbørsintensiteten på dette tidspunktet var 0,1 mm/t. Nedbøren kom då i form av snø, men intensiteten hadde minka og var i ferd med å stoppa heilt, etter at både nedbørsintensiteten og vindstyrken var betydeleg høgare i timane før (sjå figur 7).


Figur 7 viser vidare at det snødde i tida mellom siste brøyting nord for Grønbakken (kl. 1100) og siste brøyting sør for Grønbakken (kl. 1140). Her må det merkast at dei registrerte tala over nedbørsintensitet ikkje alltid gjev eit riktig bilet på kor mykje snø det i røynda fall, då vind kan påverka måling av nedbør (Statens vegvesen, 2015, side 25). I tillegg kan middelverdien av den reelle nedbørsintensiteten ha vore anten lågare eller høgare i tida mellom registreringane.³ Det blei ikkje registrert snømengde ved vêrstasjonen på Grønbakken på ulukkesdagen.

³ Kravet til feilmargin ved måling av nedbørsintensitet er ±30 % i området 0,1-0,5 mm/t, ±20 % i området 0,5-5 mm/t og ±40 % over 5 mm/t (Statens vegvesen, 2018, side 14).



Figur 7: Nedbørsintensitet i mm/t, vindhastighet i m/s og vindretning ved Grønbakken værstasjon i timane før ulukka. Data: Statens vegvesen (Vegvær). Illustrasjon: SHK


Ifølge dei registrerte vêrdataa frå Grønbakken kom nedbøren i form av regn fram til det begynte å snø rundt kl. 0900. Lufttemperaturen hadde då sokke til under 0 °C frå like under 3 °C kl. 0810. Vegbanetemperaturen sokk frå 3,6 til 0,3 på dei ti minutta frå kl. 0840 til kl. 0850. Ein snau time etter det, og om lag ein halv time før siste brøyting nord for Grønbakken, sokk vegbanetemperaturen vidare under 0 °C. Deretter stabiliserte han seg kring -1 °C før han begynte å stige igjen kort tid før ulukka (sjå figur 8).



Figur 8: Temperaturutviklinga ved Grønbakken værstasjon i timane før ulukka, som skjedde kl. 1227. Data: Statens vegvesen (Vegvær). Illustrasjon: SHK

1.9.2 Stillbilete frå vêrstasjonane

Statens vegvesen disponerte i alt fire vêrstasjonar på E6 mellom Dombås og Oppdal. Figur 9 viser kor desse vêrstasjonane var plassert.



Figur 9: Statens vegvesen sine vêrstasjonar og andre stader som blir nemnde i denne rapporten. Kart: © Kartverket. Illustrasjon: SHK

Bilete teke ved vêrstasjonen på Grønbakken viser at snøslaps så smått begynte å legga seg på vegen kl. 0900 (sjå figur 10), og at vegbana blei heilt kvitdekt med snø ved Grønbakken vêrstasjon for første gong på ulukkesdagen mellom kl. 1020 og kl. 1030 (sjå figur 11).



Figur 10: Det hadde begynt å utvikla seg eit tynt lag med snøslaps på vegen ved Grønbakken værstasjon kl. 0900. Foto: Statens vegvesen (Vegvær)



Figur 11: Bilete teke kl. 1030 ved Grønbakken værstasjon. Dette var det første biletet frå Grønbakken på ulukkesdagen som viste vegen heilt kvit av snø. Foto: Statens vegvesen (Vegvær)

Bilete frå værstasjonen ved Avsjøen (931 moh. og ca. 16,3 km sør for ulukkesstaden) viser at vegen der nesten var bar om lag åtte minutt før ulukka skjedde (sjå figur 12), medan bilete frå Hjerkinn værstasjon (1025 moh. og ca. 7,7 km sør for ulukkesstaden) viser at vegen der var delvis dekt med snø ved same tidspunkt (sjå figur 13). Lufttemperaturen ved Hjerkinn var då $-4,6^{\circ}\text{C}$, medan vegbanetemperaturen var $-1,6^{\circ}\text{C}$ og synkande. Ved Avsjøen var både lufttemperaturen og vegbanetemperaturen $-0,7^{\circ}\text{C}$.

Figur 14 viser at vegen òg var delvis snødekt ved Grønbakken værstasjon om lag sju minutt før ulukka skjedde⁴. Vegbanetemperaturen her var då $-0,6^{\circ}\text{C}$ og stigande. Figur 2

⁴ Kameraet ved Grønbakken værstasjonen fotograferer og lagrar nytt biletet kvart tiande minutt.

viser korleis det såg ut på ulukkesstaden kl. 12:56, 29 minutt etter kollisjonen. Føreforholda på vegen endra seg raskt etter ulukka, ifølge vitnet som tok biletet.

I motsetning til værstasjonane ved Grønbakken og Hjerkinn var Avsjøen værstasjon utstyrt med eit apparat som målte tilstanden på vegen. Det har blitt opplyst at denne skulle gje nøyaktige data for vass-, is- og snømengde på vegbana i tillegg til berekna friksjon i vegbana⁵. Den berekna friksjonskoeffisienten registrert ved Avsjøen værstasjon var 0,69⁶ om lag sju minutt før ulukka skjedde.

1.9.3 Lastebilføraren si oppleveling av vær- og føreforholda

Føraren av lastebilen har uttalt at køyreturen han hadde på veg oppover Drivdalen ulukkesdagen var den første skikkelege vinterturen den sesongen. Han registrerte at det var mykje snøslaps i vegbana, men la samtidig merke til at det blei danna svarte hjulspor, og at det var overraskande godt føre med den tunge lastebilen. Han merka at dekka pressa vekk den snøen som hadde lagt seg på vegen og fekk god kontakt med underlaget.

1.9.4 Farevarsel fra Meteorologisk institutt

Meteorologisk institutt sende ut gult farevarsel for fjellet i Sør-Noreg fra Haukelifjell til Dovre dagen før ulukka (Nettavisen.no, 2019):

På grunn av våt veibane og temperaturer som synker under null grader, er det sendt ut farevarsel for lokalt vanskelige kjøreforhold i fjellet i Sør-Norge på fredag.

1.9.5 Meldingar til vegtrafikksentralen

Vegtrafikksentralen Midt (VTS Midt) mottok to meldingar om vanskelege kjøreforhold i Oppdal kommune kort tid før ulukka skjedde, kor den første av desse omhandla E6. VTS Midt varsla entreprenøren som utførte vinterdrift på vegstrekninga der ulukka skjedde etter den første meldinga, få minutt før ulukkestidspunktet. VTS Midt hadde ikkje loggført kommunikasjon med denne entreprenøren ut over dette før ulukkestidspunktet.

⁵ Berekna friksjonskoeffisient er eit produkt av vass-, is- og snømengda på vegbana samansett med erfaringstal (Statens vegvesen, mars 2015, side 16).


⁶ Ifølge produsenten av vegtilstandsmålaren vil apparatet rapportera ei typisk våt vegbane med ein friksjonskoeffisient på kring 0,7, medan ei snø- eller isdekka vegbane vil bli rapportert med friksjonskoeffisient på mellom 0,4 og 0,6 (Vaisala, 2015).



Figur 12: Det var nesten bar veg ved Avsjøen vêrstasjon (ca. 14,8 km sør for Grønbakken vêrstasjon og ca. 16,3 km sør for ulukkesstaden) om lag åtte minutt før ulukka skjedde. Foto: Statens vegvesen (Vegvær)



Figur 13: Vegen var delvis snødekt ved Hjerkinn vêrstasjon (ca. 6,2 km sør for Grønbakken vêrstasjon og ca. 7,7 km sør for ulukkesstaden) om lag åtte minutt før ulukka skjedde. Foto: Statens vegvesen (Vegvær)




Figur 14: Vegen var delvis snødekt ved Grønbakken vêrstasjon (ca. 1,5 km sør for ulukkesstaden) om lag sju minutt før ulukka skjedde. Foto: Statens vegvesen (Vegvær)

1.9.6 Vêrprognose

Både Statens vegvesen og Meteorologisk institutt tilbyr tenester som gjer vêrdata og vêrprognosar tilgjengeleg for entreprenørar som driftar vegar for Statens vegvesen, høvesvis Vegvær og Halo. Sistnemnde arkiverer sine meteogrammer⁷ i eitt år etter at vêrprognosene blir gjort tilgjengelege. Figur 15 viser det arkiverte meteogrammet med korttidsprognosene⁸ for vêret ved Grønbakken dagen ulukka skjedde, gjort tilgjengeleg ca. kl. 0400 den 25. oktober 2019.

Prognosan varsla mellom anna om vind i opptil 10 m/s frå nordvest og nedbør, først i form av regn og deretter snø, i timane før ulukka. Frå og med då prognosan varsla at nedbøren kunne gå over til snø (kl. 0900) og fram til etter ulukkestidspunktet (fram til kl. 1300), blei det varsla om at det kunne falla 12,2 mm nedbør⁹. Prognosan varsla òg om at nedbøren kunne minka og stoppa opp, at skydekket kunne letta ut over dagen, og at lufttemperaturen kunne sôkka under 0 °C først etter kl. 1600.



Figur 15: Arkivert meteogram med vêrprognosan for Grønbakken frå kl. 0400 dagen ulukka skjedde. Prognosan syner mellom anna lufttemperatur (raud og blå strek), dugpunktstemperatur (gul strek), vindhastighet (svart strek), vindretning, skydekke for ulike høgder i prosent, nedbørsmengde og akkumulert nedbørsmengde i mm. Kjelde: Meteorologisk institutt (Halo)

1.10 **Vegforhold**

1.10.1 Vegutrustning og geometrisk vegutforming på ulukkesstaden

Den asfalterte vegen der ulukka skjedde bestod av to køyrefelt utan midtdelar, og var merka med heiltrekte kvite kantlinjer og gul varsellinje i midten. Politiet målte vegbreidda til å vera ca. 7,20 meter frå asfaltkant til asfaltkant, ca. 6,2 meter mellom

⁷ Eit meteogram er eit time-for-time-varsle av vêrforholda for ein vald stad.

⁸ Nye korttidsprognosar blir gjort tilgjengelege fire gonger per døgn (ca. kl. 0400, kl. 1000, kl. 1600 og kl. 2200).


⁹ Ein tommelfingerregel seier at 1 mm nedbør tilsvrar 1 cm snø på bakken, men dette varierer med tettleiken på snøen. Forholdet blir mindre når det er mildt og snøen er tung og tettpakka. Ved sludd eller kram og fuktig snø kan 1 mm nedbør pakka seg saman til 0,5 cm snø eller mindre (Yr.no, 2013).

kantlinjene og ca. 3,1 meter mellom kantlinjene og den gule midtstripa. Det var autovern på vestsida av vegen, kor elva Driva rann like ved. Sideterrenget på denne sida av vegen, på innsida av venstrekurva sett i den retninga personbilen køyrde, var elles opent med fri sikt i begge retningar. Vegen låg utanfor tettbygd område og fartsgrensa på staden var 80 km/t.

Statens vegvesen registrerte tilstanden til vegen på vegstrekninga der ulukka skjedde 19. august 2019. Måledata frå registreringa viser at tverrfallet i personbilen sitt køyrefelt jamt over var for lågt i forhold til krava i «*Håndbok R610 Standard for drift og vedlikehold av riksveger*» (Statens vegvesen, 2014, side 30–31) dei siste snaut 200 metrane i venstrekurva før kollisjonspunktet (sjå figur 16 og figur 17)¹⁰. Tverrfallet var på det meste over tre prosentpoeng for lågt samanlikna med kravet i figur 16 på dette strekket (ved rundt 80 m før kollisjonspunktet).

I tillegg kan ein sjå av figur 17 at horisontalkurveradiusen var ujamn og varierte gjennom venstrekurva fram til kollisjonspunktet. Ut over dette var både jamleik på tvers og på langs innanfor kravet som gjaldt for denne vegen.


SHK har òg rekna ut både lengdefall og resulterande fall i personbilen sitt køyrefelt og køyreretning for denne vegstrekninga. Utrekna resulterande fall¹¹ var høgare enn minstekravet på to prosent for å sikra avrenning.



Figur 16: Ifølge Statens vegvesens «*Håndbok R610 Standard for drift og vedlikehold av riksveger*» skal tverrfall i samsvar med krav i figuren over etablerast for køyrefelt ved utføring av dekkevedlikehaldstiltak utløyst av andre tilstandsparametrar. Kjelde: Statens vegvesen

¹⁰ Intervalla mellom kvar registrering var om lag éin meter.

¹¹ SHK har nytta formelen $S_r = \sqrt{e^2 + s^2}$ [m/m] til å rekna ut resulterande fall i kurva. Her er e overhøgde (tverrfall) og s stiging (lengdefall). Det har blitt brukt tjue meters intervall ved utrekning av lengdefallet.



Figur 17: Horisontalkurveradius, tverrfall, lengdefall, resulterande fall og lengdeprofil siste snaut 200 meter før kollisjonspunktet i personbilen sitt køyrefelt og køyreretning. Negative radiusverdier gjev venstrekurve og positive tverrfallverdier gjev fall mot venstre. Data: Statens vegvesen. Oversiktsbilde: © Kartverket. Illustrasjon: SHK

Figur 18 og figur 19 viser ei grafisk framstilling av korleis vegen såg ut ca. 200 meter før kollisjonspunktet i høvesvis personbilen og lastebilen si køyreretning.




Figur 18: Grafisk framstilling av korleis vegen ser ut frå om lag 200 meter før kollisjonspunktet i personbilen si køyreretning. Grafikk og oversiktsbilde: © Kartverket. Illustrasjon: SHK



Figur 19: Grafisk framstilling av korleis vegen ser ut frå om lag 200 meter før kollisjonspunktet i lastebilen si køyreretning. Grafikk og oversiktsbilde: © Kartverket. Illustrasjon: SHK

SHK har på grunnlag av dei registrerte måledataa av tverrfall og horisontalkurveradius berekna kritisk hastigkeit for skrens utan bruk av bremser i venstrekurva¹². Figur 20 viser berekna kritisk hastigkeit i kurva med tre ulike friksjonskoeffisientar.

¹² SHK har nytta formelen $v = \sqrt{\frac{Rg \cos u(\tan w + \mu)}{1 - \mu \tan w}}$ [m/s] til å berekna kritisk hastigkeit. Her er R horisontalkurveradius i meter, g er tyngdeakselerasjonen, u er lengdefallet i grader, w er tverrfallet i grader og μ er friksjonskoeffisienten.



Figur 20: Kritisk hastighet for skrens utan bruk av bremser i venstrekurva i personbilen sitt køyrefelt og køyreretning, utrekna med friksjonskoeffisientane 0,05, 0,15 og 0,30. Negative radiusverdier gjev venstrekurve. Data: Statens vegvesen. Oversiktsbilde: © Kartverket. Illustrasjon: SHK


1.10.2 Geometrisk vegutforming på ein større del av vegstrekninga mellom Dombås og Oppdal

Figur 21 og figur 22 syner korleis vegen endra karakter nord for grensa mellom tidlegare Oppland fylke og Trøndelag fylke i retning nordover, der det var både fleire og krappare horisontale og vertikale kurver¹³ enn på vegstrekninga sør for fylkesgrensa.


Figur 21 viser horisontalkurvatur basert på registrerte data frå den overnemnde målinga av tilstanden til vegen på vegstrekninga frå fylkesgrensa mellom Oppland og Trøndelag til eit stykke nord for Nestavollan (gjennomført 19. august 2019) og ei tilsvarande måling frå eit stykke sør for Avsjøen værstasjon til fylkesgrensa (gjennomført 25. september 2019). Figur 22 viser vertikalkurvatur basert på utrekna vertikalkurveradius langs den same vegstrekninga¹⁴. I begge figurane er kurver som blir framstilt smale og høge høvesvis kortare og krappare enn kurver som blir framstilt forholdsvis breiare og lågare.

¹³ Vertikale kurver er kurver i vertikalplanet til ein veg, samansett av for eksempel stiging, bakketopp og fall i vegen si lengderetning. Horisontale kurver er kurver i horisontalplanet til ein veg, for eksempel ei venstrekurve.

¹⁴ SHK har nytta formelen $R = \frac{100L}{A}$ [m] til å estimera vertikalkurveradius kvar 30 m. Her er R vertikalkurveradius i meter, L er horisontallengda til ei kurve i meter og A er den algebraiske differansen mellom stiging/fall i byrjinga og slutten av ei kurve i prosent. Det har blitt brukt 20 m intervall ved utrekning av stiging/fall, og det har blitt valt å bruka ei konstant horisontallengde på 300 m i kvart punkt. Noko som inneber at vertikalkurver som i røynda har radius større enn 300 m her blir framstilt noko høgare enn det dei ville ved meir nøyaktige utrekningar. Tilsvarande blir kurver som i røynda har radius mindre enn 300 m her framstilt noko lågare. Resultatet får likevel fram poenget om at vegen jamt over har fleire og krappare vertikale kurver nord for fylkesgrensa.



Figur 21: Horisontalkurvatur basert på målt horisontalkurveradius på vegstrekninga fra ca. 5 km sør for Avsjøen vêrstasjon til ca. 5 km nord for Nestavollan.
Data: Statens vegvesen. Illustrasjon: SHK




Figur 22: Vertikalkurvatur basert på utrekna vertikalkurveradius kvar 30 meter på vegstrekninga fra ca. 5 km sør for Avsjøen vêrstasjon til ca. 5 km nord for Nestavollan.
Data: Statens vegvesen. Illustrasjon: SHK

1.10.3 Ulukkesoversikt

Ifølge Nasjonal vegdatabank (vegkart.no) har det blitt rapportert i alt 44 ulukker under føreforhold i kategoriene «delvis snø/isbelagt veg», «snø/isbelagt veg» eller «glatt ellers» på E6 mellom Dombås og Oppdal sentrum i åra mellom 2000 og 2020. Sju av desse var dødsulukker med totalt ni drepne. Figur 23 syner kor desse ulukkene skjedde på vegstrekninga, delt inn i alvorsgrader.

	Hp	Tal på ulukker	Drepne	Mykje alvorleg skada	Alvorleg skada	Lettare skada	Lengde (m)	Kumulativ lengde (m)	Ulukker per km
Frå Dombås til fylkesgrensa mellom Innlandet og Trøndelag	20	18	4		1	6	29	30900	30900 0,58
	21	1	0		1	1	3	5665	36565 0,18
Frå fylkesgrensa mellom Innlandet og Trøndelag til Mjøa	1	8	3		1	0	9	8894	45459 0,90
	2	7	2		1	3	7	9994	55453 0,70
	3	4	0		0	1	4	10300	65753 0,39
	4	6	0		0	3	10	10610	76363 0,57
	Totalsum	44	9		4	14	62	76363	0,58



Figur 23: Samanstilling av rapporterte ulukker med personskade på vegstrekninga mellom Dombås og Mjøa frå år 2000 til september 2020 under føreforhold i kategoriene «delvis snø/isbelagt veg», «snø/isbelagt veg» eller «glatt ellers». Delstrekninga vist i figur 21 og figur 22 er teikna med blå farge her.

Geodata: © openrouteservice.org (HeiGIT) og GPS Visualizer. Ulukkesdata: Nasjonal vegdatabank (vegkart.no). Tabell og illustrasjon: SHK

1.10.4 Vinterdrift

1.10.4.1 *Innleiing*


Vegstrekninga mellom Dombås og Oppdal (E6) var omfatta av to ulike driftskontraktar. Grensa mellom dei to kontraktane gjekk ved Grønbakken, snaut 1,9 km nord for fylkesgrensa. Ifølge eit utsegn frå Statens vegvesen har kontraktsgrensa blitt lagt der på bakgrunn av værskiljet i området.

Stian Brenden maskinservice AS var hovudentreprenør i driftskontrakten «0502 – Nord-Gudbrandsdalen 2014–2019» og drifta vegstrekninga sør for Grønbakken. Statens vegvesen Region aust var byggherre i denne kontrakten, som hadde opsjon til 2020 og var gjeldande på ulukkestidspunktet.

Hovudentreprenør Svevia Norge AS og underentreprenør Oppdal Betong AS i driftskontrakten «1604 – GauldalOppdal 2013–2018» drifta vegstrekninga nord for Grønbakken (kor ulukka skjedde). Statens vegvesen Region midt var byggherre i denne kontrakten, som hadde opsjon til 2019 og var gjeldande på ulukkestidspunktet.

1.10.4.2 *Brøyteaktivitet før ulukka*

Det blei utført vinterdrift av vegen på begge sider av grensa for dei to driftskontraktane i området (ved Grønbakken) i timane før ulukka skjedde. Brøytebilføraren som drifta roda sør for Grønbakken (driftskontrakt «0502 – Nord-Gudbrandsdalen 2014–2019») brøyta vegen nordover fram til Grønbakken i personbilen sitt køyrefelt og begynte på turen sørover igjen siste gong før ulukka ca. kl. 1140 (sjå figur 24). Vegen blei brøyta her i alt to gonger om føremiddagen på ulukkesdagen (sjå figur 25).




Figur 24: Siste brøyteaktivitet før ulukka på begge sider av kontraktsgrensa ved Grønbakken.
Kart: © Kartverket. Illustrasjon: SHK


Brøytebilføraren som drifta roda nord for Grønbakken (driftskontrakt «1604 – GauldalOppdal 2013–2018») snudde ved Grønbakken og brøyta vegen nordover siste gong før ulukka ca. kl. 1101 (sjå figur 24). Han måtte då til Mjøsa for å fylla diesel.

Figur 26 viser at dette var tredje gong brøytebilen passerte kollisjonspunktet i personbilen sitt køyrefelt om føremiddagen på ulukkesdagen. Ved første passering forbi kollisjonspunktet (ca. kl. 0928) blei det berre strødd salt. Ved andre passering (ca. kl. 0948) blei det både strødd salt og brøyta. Ved siste passering (ca. kl. 1104) blei det brøyta, men ikkje strødd. I motsett køyreretning blei det verken strødd eller brøyta første gong brøytebilen passerte kollisjonspunktet i motsett køyrefelt (på veg sørover), medan det berre blei strødd den andre gongen og berre brøyta den tredje.

Brøytebilen passerte dessutan Nestavollan igjen på veg sørover kl. 1313 og stansa ved Kongsvoll på grunn av ulukka kl. 1327.



Figur 25: Brøyteaktiviteten på roda sør for Grønbakken i timane før ulukka. Data: Stian Brenden maskinservice AS. Illustrasjon: SHK



Figur 26: Brøyteaktiviteten på roda nord for Grønbakken i timane før ulukka. Den raude stipla linja og alle dei raude prikkane representerer kollisjonspunktet (som ligg nord for Grønbakken og sør for Kongsvoll). Data: Svevia Norge AS. Illustrasjon: SHK

1.10.4.3 Utforming av driftskontraktane

Under kapittelet om vinterdrift i den beskrivande delen av driftskontrakten *1604 GauldalOppdal 2013-2018*, som var gjeldende for roda nord for Grønbakken på ulukkestidspunktet, står følgende under overskrifta «*Generelt*» (Statens vegvesen Region midt, 2012, side D1-57):

Vinterdrift skal sikre:

- *Forutsigbar og god framkommelighet med god regularitet og sikker trafikkavvikling under vinterforhold for alle trafikanter på en måte som ivaretar miljøhensyn*
- *Synlighet, lesbarhet og øvrig funksjon for objekter, spesielt med hensyn til trafikkavvikling, trafiksikkerhet og tilgjengelighet*
- *Sikt*
- *Tilgjengelighet til vegutstyr for de som utfører drift og vedlikehold*

Dette skal oppnås ved å gjennomføre vinterdrift for å begrense lengden av perioder med vanskelige føreforhold forårsaket av vintervær samt sikre best mulig veggrep og jevnhet i perioder hvor det aksepteres snø- og isdekk på vegen.

Under kapittelet «*Driftsperioder*» står følgende (Statens vegvesen Region midt, 2012, side D1-58 og D1-59):

Standard for vinterdrift beskrives for driftsperioder som er relatert til tiden før, under og etter en værhendelse.

En værhendelse er værforhold eller endring i værforhold som påvirker og endrer føreforholdene i forhold til godkjent føreforhold. Værhendelser vil i hovedsak være knyttet til nedbør, utfelling av fuktighet fra luften, vind eller endring i temperatur. Fastlegging av når en værhendelse inntreffer, skal gjøres ut fra en totalvurdering av størrelsen på påvirkningen på føreforholdene i forhold til relevant ressursinnsats for å opprettholde godkjent føreforhold. Det skal foreligge rutiner for fastlegging og varsling av inntrådt værhendelse og avsluttet værhendelse.

		Driftsperioder			
		For værhendelse		Under værhendelse	Etter værhendelse
		Stabil periode	Varslet værhendelse		
Foreforhold		Godkjent føreforhold	Godkjent føreforhold	Avvik fra godkjent føreforhold aksepteres	Tilbakeføring til godkjent føreforhold innen gitt tidskrav
Aktiviteter		Overvåking Vinterdrift for å opprettholde godkjent føreforhold	Overvåking Vinterdrift for å opprettholde godkjent føreforhold Preventive tiltak ved indikasjoner og varsel om kommende værhendelse	Vinterdrift for å søke å opprettholde godkjent føreforhold og for å gjøre avvikene fra godkjent foreforhold minst mulig Overvåking	Vinterdrift for å gjenopprette godkjent føreforhold innen gitt tidskrav Overvåking
Krav		Krav til godkjent føreforhold gjelder	Krav til godkjent føreforhold gjelder	Ved avvik fra godkjent føreforhold: Kontinuerlig innsats med ressurser og utførelse i henhold til krav til innsats Ved godkjent føreforhold: Innsats som er nødvendig for å opprettholde godkjent føreforhold	Ved avvik fra godkjent føreforhold: Kontinuerlig innsats med ressurser og utførelse i henhold til krav til innsats inntil vegen er tilbakeført til godkjent føreforhold

Godkjent føreforhold definerer det føreforholdet som skal oppnås og opprettholdes i de stabile periodene mellom værhendelsene og som skal tilstrebdes under værhendelse.

Dersom krav til godkjent føreforhold er oppfylt på en vegstrekning, gjelder ikke krav til innsats ved værhendelse (syklustid, mm).

Dersom krav til godkjent føreforhold ikke er oppfylt på en vegstrekning, skal aktuelle vinter-driftsaktiviteter være i gang slik at krav til innsats ved værhendelse (syklustid, mm) er oppfylt.

Ut over dette står det under kapittelet «Funksjonsansvar» i kontrakten at entreprenøren har funksjonsansvar for utføringa, og på eige initiativ dermed skal planlegga, identifisera behov, setta i verk tiltak og dokumentera standard og innsats (Statens vegvesen Region midt, 2012, side D1-59). Vegstrekninga der ulukka skjedde var ikke identifisert som spesielt utsett i kontrakten.

I tillegg til å tilfredsstilla krava i kontrakten skal ein gjeven «vinterdriftsveg» tilfredsstilla krava som blir stilt til den gjeldande vinterdriftsklassen. Roda nord for Grønbakken (kor ulukka skjedde) var klassifisert i vinterdriftsklasse C (DkC), medan roda sør for Grønbakken på E6 Dovrevegen var klassifisert i vinterdriftsklasse D (DkD) då ulukka skjedde (sjå kapittel 1.10.4.4).

1.10.4.4 Krav til vinterdrift

Vinterdrifta av vegnettet er klassifisert i vinterdriftsklassar og skal ifølge «*Håndbok R610 Standard for drift og vedlikehold av riksveger*» gjennomførast etter vald vinterdriftsklasse for kvar enkelt vegrute (Statens vegvesen, 2014, kapittel 9.3). Val av vinterdriftsklasse for ei sammenhengende vegrute skal gjerast med utgangspunkt i trafikkvolumet på ruta. I tillegg skal det takast omsyn til mellom anna vegkategori, trafikksamsetning, geometrisk standard (vegbreidde og horisontal- og vertikalkurvatur), topografi, klima, værforhold og ulukkesnivå. Vinterdriftsklassane fastset krav til metode for friksjonsforbetring, godkjende føreforhold og innsats ved værhending.

Godkjende føreforhold for DkC er bar veg (tørr eller våt) i milde periodar og hard snø/is i kalde periodar. Maksimal syklustid¹⁵ for brøyting er 2,5 timer. Tabell 1 i vedlegg B (Krav til vinterdrift for DkC og DkD) viser alle krava som blir stilt til vinterdrift på vegar klassifisert som DkC. Godkjende føreforhold for DkD er hard snø/is og maksimal syklustid for brøyting er 3 timer. Tabell 2 i vedlegg B (Krav til vinterdrift for DkC og DkD) viser alle krava som blir stilt til vinterdrift på vegar klassifisert som DkD.

Vidare skal naturleg samanhengande transportrute driftast etter same vinterdriftsklasse. Hyppige skifte av vinterdriftsklasse med tilhøyrande sprang i standard skal unngåast. Overgang mellom ulike vinterdriftsklassar skal leggast til stader kor endring i standard ikkje skapar overrasking eller problem for trafikantane. Handtering av drifta i overgangen mellom vinterdriftsklassar skal samordnast med tanke på å redusera effekten av endring i standard langs vegen (Statens vegvesen, 2014, side 121).

Ifølge «*Håndbok R610 Standard for drift og vedlikehold av riksveger*» skal det etablerast ein operativ standard som tek omsyn til faktiske forhold og utfordringar på kvar enkelt vegrute (Statens vegvesen, 2014, side 9–10). Dette for å tilby einsarta forhold når det gjeld trafikktryggleik og framkome for alle trafikantar. Krava i handboka skal gjennomgåast konkret for kvar enkelt vegrute for å fastlegga den operative standarden som skal gjelda for ruta.

På stader kor forholda til visse tider kan bli særleg vanskelege for trafikantane kan det vera naudsynt med forsterka standardkrav. Det skal gjerast særskilde vurderingar for å identifisera særlege behov og nødvendige tilpassingar av krava i handboka, som reduksjon av maksimal syklustid og forsterka krav til vinterfriksjon.

1.10.4.5 Kriterier for kolonnekjøring og stenging av veg

Vegdirektoratet sende i 2013 ut eit rundskriv til dei dåverande regionane i Statens vegvesen, med mellom andre følgande retningslinjer for midlertidig stenging og innføring av kolonnekjøring på fjellovergangar og andre værutsette strekningar (Statens vegvesen, 2013, side 1–2):

1. *Iht. Vegtrafikkloven § 7 2. ledd er myndighet til å fatte vedtak om kolonnekjøring og til å stenge vegen, tillagt regionvegkontoret. Vanligvis er det Vegtrafikksentralen (VTS) som utøver denne myndigheten og fatter vedtak i forbindelse med midlertidig stengning/kolonnekjøring på fjelloverganger og*

¹⁵ I Statens vegvesens dokumentmalar for driftskontraktar (2018, side C3-6) blir syklustid definert som: «*Tidsbruk mellom hver gang hele brøye-/strøarealet er bearbeidet med brøyting eller strøying. Syklustid beregnes uten forsinkelser som skyldes trafikk eller hendelser.*»

andre værutsatte vegstrekninger. En av entreprenørens brøytemannskaper har ansvaret for å gi råd til VTS før VTS fatter formelt vedtak. Dette skal beskrives nærmere i lokale instrukser. [...]

Ved midlertidig stengning eller innføring av kolonnekjøring sender entreprenøren omgående melding til VTS. Når vedtak er fattet, skal det være en ansvarlig kontaktperson for hele strekningen. [...]


Der en værutsatt vegstrekning krysser en regiongrense, eller det er flere entreprenører som har vinterdriften på samme strekningen, skal det være en ansvarlig kontaktperson for hele strekningen. Den personen hos entreprenøren som får et slikt ansvar, skal ha nødvendig opplæring og erfaring fra slikt arbeid.

2. *Kolonnekjøring skal innføres når vær- og føreforholdene er så vanskelige at det er fare for at biler kan sette seg fast og det er risiko for trafikkuhell p.g.a. dårlig sikt, sterk vind, nedbør eller smal veg. Det skal også legges vekt på værprognoser og eventuelle andre tilgjengelige værdata. [...]*
3. *Vegen skal stenges helt for alminnelig ferdsel når det p.g.a. uvær, skredfare eller andre sikkerhetsproblemer ikke er forsvarlig å føre kolonner over strekningen.*

Det var entreprenøren på roda sør for Grønbakken som hadde ansvaret for å ta kontakt med VTS ved behov for midlertidig stenging av vegen eller innføring av kolonnekjøring på vegstrekninga der ulukka skjedde.

1.11 Tekniske registreringssystem

Nedlasta fartsskrivardata¹⁶ frå lastebilen viste at han haldt ei hastigkeit på mellom 75 km/t og 77 km/t den siste tida før kollisjonen, og at køyretøyet brukte om lag seks sekund på å redusera hastigheita frå 76 km/t til det stod heilt i ro etter kollisjonen (sjå figur 27).



Figur 27: Lastebilen si hastighet og akselerasjon før kollisjonen (dataa er presentert slik dei blei henta ut frå fartsskrivaren i lastebilen). Data: Fartsskrivaren til lastebilen. Illustrasjon: SHK

¹⁶ Fartsskrivarar kan ha ein feilmargin på ca. ± 6 km/t.

1.12 Medisinske forhold

Avdeling for patologi og medisinsk genetikk ved St. Olavs Hospital HF gjennomførte rettsmedisinsk obduksjon av personbilføraren og konkluderte med at vedkomande omkom av omgående dødelege knusingsskadar i hovudet og brystet.

Det blei òg gjennomført ei toksikologisk analyse i samband med den rettsmedisinske obduksjonen av personbilføraren. Rapporten frå analysa konkluderte med at det ikkje hadde blitt gjort toksikologiske eller andre medisinske funn som kunne antakast å vera av betyding for ulukka.

1.13 Særskilde undersøkingar

Rekon DA har på oppdrag frå SHK rekonstruert ulukka for å berekna hastigkeitene til køyretøya både i kollisjonsaugeblikket og i dei siste sekunda før samanstøyten. Rekon DAs berekningar, vurderingar og konklusjonar har blitt lagd fram i ein eigen rapport, som er presentert i sin heilskap i vedlegg C. Grunnlaget for berekningane var alt av tilgjengeleg informasjon om vêr- og føreforholda i området rundt tidspunktet for ulukka, køyretøytekniske data frå tilsvarende køyretøy, fakta om geometrisk vegutforming og spor etter ulukka, som vegvesenet dokumenterte på ulukkesdagen.

Rapporten konkluderte med følgande:

- *Betongbilens fartsskriver viser hastighet på 76 km/h før oppbremsing inn mot kollisjonen.*
- *Betongbilens hastighet i kollisjonsøyeblikket er ut fra fartsskriverutlesningene og bevegelsen etter kollisjonen, vurdert til mellom 55 og 60 km/h.*
- *Personbilens hastighet er beregnet til følgende verdier:*
 - o *Før kollisjonen: Mellom 50 og 74 km/h*
 - o *I kollisjonsøyeblikket: Mellom 41 og 59 km/h*
- *Personbilens hastighetsendring som følge av kollisjonen er simulert til mellom 90 og 111 km/h.*

Her har det blitt lagt til grunn friksjonskoeffisientar mellom hjul og underlag på 0,20–0,35 for lastebilen og 0,05–0,30 for personbilen. Den lågaste friksjonskoeffisienten for personbilen (0,05) gjaldt bakdekka og blei vald med bakgrunn i moglegheita for at det i delar av rørslene før kollisjonen kan ha oppstått planing på den vasshaldige snøen. Dette kan samanliknast med vassplaning, og oppstår når eit tynt lag av snø eller slaps mellom dekka og underlaget forhindrar kontakt mellom dekkgummien og underlaget.

1.14 Lover og forskrifter

1.14.1 Krav til dekkutrusting

Forskrift 25. januar 1990 nr. 92 om bruk av kjøretøy skildrar krava til bruk av vinterdekk. I 2015 blei det vedteke nye krav til vinterdekk på tunge kjøretøy i vintersesongen i Noreg. Vintersesongen i Noreg gjeld frå og med 15. november til og med 31. mars. Vinterdekk kan anten vera piggdekk eller såkalla friksjonsdekk utan piggar. Det skal vera særskilt framstilt for vinterkjøring og spesielt merka med: «M+S», «MS», «M&S», «M-S», «Mud and Snow» eller symbolet for «Three Peak Mountain Snowflake» («3PMSF»).

Merkinga «M+S» baserer seg på korleis dekkmönsteret er konstruert for å kunne drenera bort vatn og få feste ved søle- og snøforhold. «Three Peak Mountain Snowflake» («3PMSF») baserer seg på ein akselerasjonstest på snøføre. Ingen vinterdekk har per i dag krav til retardasjons- eller manøvreringstest på snø eller is, verken på rette strekningar eller i kurver.

1.14.2 Krav til underkjøringshinder

Forskrift 4. oktober 1994 nr. 918 om tekniske krav og godkjenning av kjøretøy, deler og utstyr (kjøretøyforskriften) skildrar krava til avskjerming mot underkjøring framme på bil i gruppe N2 og N3 (med unntak av terregnkjøretøy). Dei tekniske krava er heimla i FN/ECE-regulativ nr. 93, kor det mellom anna står at avstanden mellom bakkenivå og undersida av eit underkjøringshinder ikkje skal vera høgare enn 400 mm.

Eit godkjent underkjøringshinder skal tola ei trykkelastning på 100 eller 50 prosent av totalvekta til kjøretøyet det er montert på, avhengig av om lastninga skjer høvesvis nær midten eller nærmere sidene av underkjøringshinderet, slik at den horisontale inntrykkinga av underkjøringshinderet i kjøretøyet si lengderetning etter lastninga er maksimalt 400 mm. Avstanden mellom bakkenivå og undersida av underkjøringshinderet skal ikkje vera høgare enn 450 mm etter ei slik lastning.

1.15 Styresmakter, organisasjonar og leiing

1.15.1 Statens vegvesen

Statens vegvesen er eit forvaltningsorgan underlagt Samferdselsdepartementet, som per i dag består av seks fagdivisjonar og eitt direktorat. Statens vegvesen har ansvaret for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og europavegar, i tillegg til godkjenning og tilsyn med kjøretøy og trafikantar. Vegvesenet utarbeider òg føresegn og retningslinjer for geomtrisk vegutforming, drift og vedlikehald, vegtrafikk, trafikantopplæring og kjøretøy.

Då ulukka skjedde og fram til 1. januar 2020 var Statens vegvesen organisert i Vegdirektoratet og fem regionar. Statens vegvesen Region aust hadde forvaltningsansvaret for E6 Dovrevegen sør for grensa mellom tidlegare Oppland og Trøndelag fylke. Statens vegvesen Region midt hadde forvaltningsansvaret for E6 nord for fylkesgrensa og var byggherre for drift av vegen der ulukka skjedde.

1.15.2 Svevia Norge AS

Svevia er eit konkurranseutsett veg- og anleggsselskap eigd av den svenske staten, med 2800 tilsette og hovudkontor i Solna. Svevia Norge AS blei etablert i 2011 med fokus på mellom anna drift og vedlikehald av norske vegar.

Svevia Norge AS blei tildelt oppdraget som hovudentreprenør for driftskontrakten «*1604 – GauldalOppdal 2013–2018*» av Statens vegvesen Region midt i 2012, som var gjeldande på ulukkestidspunktet. Kontrakten inkluderte vinterdrift av vegen der ulukka skjedde.

1.15.2.1 *Oppdal Betong AS*

Oppdal Betong AS er eit privat og relativt lite aksjeselskap med base på Mjøsa, like sør for Oppdal sentrum. Delar av verksemda blei kjøpt opp av Betong Øst AS 1. januar 2020. Før dette produserte og leverte selskapet ferdigbetong, grus- og singelprodukt, og utførte i tillegg vinterdrift på veg.

Oppdal Betong AS var underentreprenør for Svevia Norge AS på brøysteroda nord for Grønbakken (kor ulukka skjedde) på ulukkestidspunktet. Selskapet var òg arbeidsgjevar for føraren av lastebilen som var involvert i ulukka.

1.15.3 Stian Brenden maskinservice AS

Stian Brenden maskinservice AS er eit privat aksjeselskap med base i Dovreskogen, sør for Dombås. Selskapet har 38 tilsette og utfører oppdrag innan mellom anna anlegg og transport.

Stian Brenden maskinservice AS blei tildelt oppdraget som hovedentreprenør for driftskontrakten «0502 – Nord-Gudbrandsdalen 2014–2019» av Statens vegvesen Region aust i 2014, som var gjeldande på ulukkestidspunktet. Kontrakten inkluderte vinterdrift av E6 Dovrevegen sør for Grønbakken.

1.16 Andre opplysningar

Statens havarikommisjon har tidlegare gjennomført fleire undersøkingar av ulukker kor krevjande føreforhold på utsette punkt og strekningar har vore eit sentralt tryggleiksproblem, og kor det har blitt fremja tryggleikstilrådingar. Dei mest relevante blir nemnde under. Det har òg blitt gjennomført undersøkingar av ulukker utan at det har blitt fremja nye tryggleikstilrådingar.

1.16.1 Bussulukke i Verdal

SHK har tidlegare gjeve ut rapport og tilråding med merksemdund kring kritiske punkt på vegnettet som krev forsterka oppfølging (Statens havarikommisjon, 2010/01). Rapporten blei utgjeven etter at ein buss på veg sørover på rv. 72 i Inndalen i Verdal kommune 24. november 2007 sklidde utfor vegen og velta. Ulukka skjedde i overgangen mellom to relativt krappe kurver, kor det var lågare friksjon enn på vegstrekninga før på grunn av is- og rimdanning forårsaka av vassdamp frå elva Inna.

Statens vegvesen hadde ikkje definert særskilde problempunkt på den aktuelle vegstrekninga, som ifølgje funksjonskontrakten skulle ha særskild oppfølging. Dette medverka til at tiltak ikkje hadde blitt sett i verk. Havarikommisjonen tilrådde derfor Statens vegvesen å innføra rutinar for å identifisera kritiske punkt på vegnettet som kravde forsterka oppfølging, og å implementera dette i funksjonskontraktene for drift og vedlikehald.

1.16.2 Bussulukke ved Veme i Ringerike

Havarikommisjonen sin rapport etter undersøkinga av ei møteulykke på rv. 7 ved Veme 10. februar 2014 understreka behovet for oppfølging av kritiske punkt på vegnettet (Statens havarikommisjon, 2015/01). Ulukka skjedde då ein buss kolliderte i eit motgåande vogntog som hadde skrensa over i motsett køyrefelt. Undersøkinga avdekkja at

ingen av dei involverte førarane tidsnok identifiserte at vegbana hadde spesielt låg og avvikande friksjon i forhold til dei tilstøytande vegstrekningane.

Havarikommisjonen meinte at vegforhold med kombinasjonar av låg friksjon, brå friksjonsendring, lokale forskjellar og svart is utgjorde ei stor utfordring for trafikktryggleiken, både for vegeigar, entreprenør og trafikantene. Havarikommisjonen tilrådde Statens vegvesen i samarbeid med vinterdriftsentreprenørar å intensivera sitt arbeid for overvaking og oppfølging av vegstrekningar og punkt som kravde forsterka vintervedlikehald ved særskilde værforhold.

1.16.3 Møteulukke ved Bjørnbærvika

Statens havarikommisjon har tidlegare gjeve ut rapport og tilråding knytta til betydninga av tverrfall og horisontalkurveradius når det er glatt på vegen (Statens havarikommisjon, 2017/05). Rapporten blei utgjeven etter at ein personbil skrensa over i motgåande køyrefelt og kolliderte front mot front med eit vogntog på E6 ved Bjørnbærvika i Mo i Rana 1. desember 2016. Undersøkinga avdekkja fleire samanfallande og ugunstige faktorar som bidrog til ulukka: krevjande føreforhold med isdanning, varierande kurveradius og tverrfallsendringar i kurva der ulukka skjedde, avvik frå krav til tverrfall og eit utfordrande og overraskande værskifte.

Havarikommisjonen meinte at tverrfall og kurveradius var viktige parametrar for køyretryggleiken, som kunne vera vanskelege å registrera for trafikantane under gode friksjonsforhold, men at dette var aspekt som ikkje var godt nok teke hand om i arbeidsbeskrivinga og kontroll av asfaltarbeid. Havarikommisjonen tilrådde Statens vegvesen å implementera rutinar for å avdekkja uheldig tverrfall i kurver før reasfaltering, slik at dette kunne utbetraast og kontrollerast i etterkant av utførte asfaltarbeid.

1.16.4 Bussulukke i Neverdal

SHK har tidlegare gjeve ut rapport og tilråding med sikte på å unngå standardsprang ved vinterdrift på fylkesgrensa mellom tidlegare Hedmark og Sør-Trøndelag fylke (Statens havarikommisjon, 2009/03). Rapporten blei utgjeven etter at ein buss køyrdet utfor vegen på rv. 3 i Neverdal i Rennebu kommune 7. november 2006, like etter at han på veg nordover hadde passert fylkesgrensa til Sør-Trøndelag.

Fylkesgrensa utgjorde òg grensa mellom drift- og vedlikehaldskontraktane i området, og dei ansvarlege entreprenørane hadde gjennomført ulike driftstiltak på kvar si side av grensa før ulukka skjedde. Dette førte til ei plutselig endring i friksjonsforholda på vegen, som saman med endra vegutforming i form av krappare kurver, var medverkande til at bussen mista veggrepet.

På bakgrunn av denne rapporten sende Vegdirektoratet eit internt notat til alle dei dåverande regionane i Statens vegvesen, kor det på generelt grunnlag blei minna om at vegdrifta skulle organiserast for å unngå bråe og uventa endringar i føreforhold mellom regionar, distrikt og kontraktsområde. Som følge av dette notatet gav tidlegare Statens vegvesen Region Aust kontraktøren for funksjonskontrakt 0405 Nord-Østerdalen 2005–2010 og kontraktørane for dei tilgrensande kontraktsområda i nord og sør instruks om samkøyring av vinterdrifta på rv. 3 over kontraktsgrensene.

1.16.5 Bussulukke ved Fokstua

SHK har tidlegare gjeve ut rapport med tilråding knytta til køyrerestriksjonar og stenging av E6 over Dovrefjell spesielt og fjellovergangar generelt (Statens havarikommisjon, 2009/01). Det blei gjort etter at ein buss den 24. november 2006 køyerde av vegen og velta som følge av kraftig sidevind og därlege friksjonsforhold snaut to kilometer sørvest for Fokstugu værstasjon. Tilrådinga var spesifikt knytta til kombinasjonen av vindstyrke og friksjonsforhold.

1.16.5.1 *Rapport om vind- og friksjonsvarsling på E6 over Dovrefjell*

På bakgrunn av Havarikommisjonen sine tilrådingar etter bussulukka ved Fokstua blei det sett i gong eit prosjekt for å evaluera værforhold og vegstenging på E6 over Dovrefjell, avgrensa til vegstrekninga mellom vegbommen ved «Utsikten» like nord for Dombås i sør og vegbommen ved Grønbakken i nord. Bak låg òg eit ønske frå den tidlegare driftsentreprenøren (Mesta AS) på vegstrekninga om å få på plass eit verktøy som kunne gjera det lettare å avgjera behovet for kolonnekøyring eller vegstenging.

Prosjektet, som var eit samarbeid mellom Statens vegvesen, forskingsinstitusjonen SINTEF og entreprenørselskapet Mesta AS (tidlegare eigar av funksjonskontrakten på vegstrekninga), resulterte i rapporten *Vind- og friksjonsvarsling på E6 Dovrefjell* (Statens vegvesen, mars 2015), utarbeidd av SINTEF Transportforskning på oppdrag for Statens vegvesen.

Rapporten konkluderte mellom anna med at det var ei utfordring å føresjå stenging av vegen over Dovrefjell, og at verken vind eller friksjon åleine angav om det var grunnlag for stenging. Heller ikkje snømengde eller vindretning gav eintydig indikasjon på behovet for kolonnekøyring eller stenging. Bruk av parametrane temperatur og sikt blei ikkje undersøkt.

Rapporten peika på at erfaringsoverføring syntest å angje gode retningslinjer og identifiserte to værtypar som tradisjonelt førte til stenging: Fokstuguvêr og Hjerkinnvêr. Sistnemnde, som er ein aktuell referanse for denne undersøkinga, oppstod ved nordvestleg vind som ofte førte til därlege forhold på Hjerkinn.

Rapporten slo fast at ein i den vidare utviklinga av prosjektet burde sjå på samanhengen mellom parametrane vind, vindretning, friksjon, snømengde (moglegvis i samanheng med temperatur) og sikt.

2. ANALYSE

2.1 Innleiing

SHK avgjorde å undersøka denne ulukka på E6 Dovrevegen i Oppdal kommune på grunn av høg alvorsgrad, og at ulukka involverte ein tung lastebil. Det blei òg lagt vekt på at ulukka skjedde på ein stamveg under krevjande vær- og føreforhold like ved grensa mellom to brøyteroder, som òg utgjorde grensa mellom dei to driftskontraktane på vegstrekninga.

Urukka skjedde på ein stad kor forholda endrar seg raskt og ofte òg er forskjellig fra tilstøytande vegstrekningar på grunn av høgdeforskellar og topografiske endringar. Både temperatur og nedbør kan endra seg raskt over ei kort vegstrekning på grunn av dette.

Det har ikkje vore særskild mange ulukker på akkurat denne staden. SHK meiner likevel at det er eit generelt læringspotensial knytta til vinterdrift og tryggleik på utsette punkt og vegstrekningar. Særleg aktuelt er grenseområde for drift- og vedlikehaldskontraktar og vegstrekningar som krev ekstra veggrep på grunn av veggeometri, vær- og føreforhold og andre særskilde forhold.

Urukka og omstenda rundt har blitt undersøkt og analysert i tråd med SHKs tryggleiksfaglege rammeverk og analyseprosess for systematiske undersøkingar ([NSIA-metoden](#)).

Analysen drøftar først hendingsforløpet og overlevingsaspekt i ulukka i kapittel 2.2. Vidare analyserast vær- og føreforhold i kapittel 2.3. Avslutningsvis drøftast vinterdrift og tryggleik i kapittel 2.4.

Undersøkinga har vist at redningsarbeidet i samband med ulukka blei gjennomført tilfredsstillande, og dette er derfor ikkje gjenstand for vidare analyse.

2.2 Vurdering av hendingsforløp og overlevingsaspekt

2.2.1 Hendingsforløp

Urukka skjedde då ein personbil fekk sleng og skrensa på det delvis snødekte underlaget, slik at han hamna med høgresida først i fronten på den motgående lastebilen. Utsegn frå lastebilføraren og skadane på køyretøya dokumenterer at personbilen fekk sleng, skrensa og roterte mot urvisaren før kollisjonen.

Det finst ingen informasjon om føraren sine handlingar som sikkert kan fastslå kva som forårsaka slengen. SHKs vurdering er at han oppstod som eit resultat av at det blei for låg friksjon mellom dekka på personbilen og vegbana i den aktuelle hastigheita.

Vegbana hadde ujamne og til dels krevjande friksjonsforhold på grunn av snømengdane og spordanning. Snøen var i tillegg iblanda salt, noko som kan ha bidrege til at føreforholda blei ekstra krevjande. Fleire vitneobservasjonar og biletar frå både Grønbakken værstasjon og ulukkesstaden stadfestar at det var eit lag med vasshaldig snø på vegen då ulukka skjedde. Bileta viser òg varierande grad av oppkøyrd spor. Vær- og føreforhold vil, saman med vinterdrifta av vegen, bli nærmare analysert høvesvis i kapittel 2.3 og 2.4.

Mønsterdjupnene på personbilen sine piggfrie bakdekk (4,5–5,0 mm) var innanfor kravet for vinterdekk, men samtidig mindre enn mønsterdjupnene på dekka framme. Dette kan ha medverka til at personbilen fekk sleng. Ein slik tilstand, med ulike mønsterdjupner på bakdekka og framdekka, kan særleg vera kritisk ved større og ujamne mengder snø i vegbana. Spesielt når snøen har eit høgt innhald av vatn. Sjølv om personbilen var utstyrt med dekk som var konstruert for å drenera bort vatn og få feste ved søle- og snøforhold, kan dei relativt lave mønsterdjupnene på bakdekka ha bidrige til å redusera deira evne til dette. Kombinasjonen av mindre mønsterdjupner på dekka og lågare vekt kan ha ført til at personbilen ikkje oppnådde same kontakt med asfalten som føraren av lastebilen har forklart at han gjorde. Personbilen hadde dermed større behov for å redusera hastigheita enn lastebilen på det aktuelle føret. Det er i tillegg meir krevjande å køyra nedover ei stiging under slike forhold, då det trengst friksjon til både å bremsa og manøvrera med dei same hjula.

2.2.1.1 *Geometrisk vegutforming og hastigkeit*

Personbilen køyrde i ei nedstiging på grunn av fall i terrenget. I tillegg var tverrfallet i venstrekurva, som personbilen var inne i kort tid før kollisjonen, for lite i forhold til kurveradiusen. Både kurveradiusen og tverrfallet varierte gjennom heile kurva. Generelt sett aukar dette behovet for kursendringar og rattbruk, noko som òg krev friksjon og veggrep. SHK meiner at den ujamne utforminga av venstrekurva kan ha bidrige til at personbilen kom utanfor dei oppkøyrdre spora på høgre side. Dette kan ha ført til at føraren blei nøydd til å gjera ein korrigerande manøver i form av eit rattutslag mot venstre for å halda seg på vegen, som dermed kan ha vore medverkande til at personbilen mista veggrepet og fekk sleng.

Rapporten frå Rekon (vedlegg C) konkluderer med at personbilen kan ha hatt ei hastigkeit på mellom 50 km/t og 74 km/t like før slengen oppstod, og at lastebilen si hastigkeit då var 76 km/t. Sjølv om det er uvisse knytta til desse tala, syner dei at begge køyretøya hadde senka hastigheita. SHKs vurdering er at hastigheita til personbilen i sjølve kollisjonsaugeblikket hadde lite å seia for skadeomfanget. Dette på grunn av dei store kollisjonskreftene som oppstod grunna den relativt store vekta til lastebilen og treffpunktet i kollisjonsaugeblikket, i sida og over golvlista på personbilen, kor personbilar flest er dårleg rusta til å ta opp kollisjonsenergi.

SHK har berekna kritisk hastigkeit for skrens utan bruk av bremser i personbilen si køyreretning i venstrekurva. Berekingane, som blei gjort med bruk av ulike friksjonskoeffisientar, indikerer at det kan ha vore mogleg å passera venstrekurva sjølv med hastigkeit og friksjonskoeffisient innanfor intervalla Rekon-rapporten konkluderer med. Dette styrkar poenget om at den ujamne utforminga av kurva kan ha bidrige til at personbilen kom utanfor dei oppkøyrdre spora, og at slengen oppstod som følge av ein naudsynt korrigerande manøver i form av eit rattutslag.

Med ein framhjulsdriven personbil er det generelt sett mogleg å retta opp ein bakhjulssleng ved å akselerera. Ein kan ikkje utelukka at personbilføraren prøvde å akselerera for å retta opp slengen i dette tilfellet. I så fall kan hastigheita til personbilen før kollisjonen ha vore lågare enn hastigkeitene føreslått av Rekon.

SHKs vurdering er at begge førarane søkte å tilpassa hastigheita etter føreforholda, men at hastigheita til personbilen likevel var for høg på det aktuelle føret i venstrekurva før kollisjonspunktet. Dersom ein legg den lågaste berekna hastigkeit til grunn, meiner SHK

samtidig at personbilføraren har senka hastigheita betydeleg på grunn av føreforholda. Dette har likevel ikkje vore tilstrekkeleg til å meistra dei svært krevjande føreforholda på staden, som etter SHKs vurdering kravde ein ennå større hastighetsreduksjon enn det personbilen oppnådde i dette tilfellet.

Hastighetsberekingane indikerer òg ein stor forskjell på køyreeigenskapane til tunge og lette køyretøy under desse forholda. Lastebilføraren hevda at lastebilen si store tyngde gjorde at dekka pressa vekk snøen som låg i vegbana. Han kjende god kontakt med underlaget, sjølv under dei rådande føreforholda rett før kollisjonen. Dette stadfestar òg at det var eit betydeleg vassinhald i snøen.

Undersøkinga har vist at vegen si utforming endra karakter etter Grønbakken værstasjon på veg nordover, med fleire og krappare både vertikale og horisontale kurver enn på vegstrekninga før. At personbilen kom køyrande frå ei lengre vegstrekning med færre og mindre krappe kurver og betre føreforhold, kan vera med på å forklara personbilføraren sitt val av hastigkeit før kollisjonen.

Den relativt høge konsentrasjonen av trafikkulukker på glatt føre nord for fylkesgrensa og nedover den kuperte og svingete vegen i Drivdalen dei siste tjue åra kan tyda på at svakheiter ved den geomtriske vegutforminga på denne strekninga har bidrige til auka risiko ved vanskelege føreforhold.

2.2.2 Overlevingsaspekt

2.2.2.1 *Tryggleiksutstyr i personbilen*

Undersøkinga har vist at alle bilbelta i personbilen var i bruk i kollisjonsaugeblikket, og at desse var utan feil. I lys av dei omfattande personskadane, og fordi den møtande lastebilen trengde seg sidevegs inn i kupeen til personbilen og minska overlevingsrommet dramatisk, var det likevel lite hjelpe i å bruka bilbelte i denne ulukka. Det var minst innitrenging på venstre side bak, kor passasjeren som overlevde kollisjonen sat.

Verken frontkollisjonsputene eller sidekollisjonsputene i personbilen blei utløyst av kollisjonen. Sjølv om sidekollisjonsputene ifølgje personbilen si instruksjonsbok skal løysast ut ved kraftige sidekollisjonar, kan det av ulike årsakar vera at dette likevel ikkje skjer. SHK har vald å ikkje undersøka dette nærmare, men moglege medverkande faktorar til at dette ikkje skjedde kan ha vore vinkelen mellom personbilen og lastebilen i kollisjonsaugeblikket eller treffpunktet over golvet på personbilen.

Ei eventuell utløysing av kollisjonsputene ville hatt lite å seia for omfanget av personsadar i denne kraftige samanstøyten. Deformasjonen av personbilen sitt karosseri og manglande overlevingsrom på alle sitteplassane utanom venstre bak stadfestar dette.

2.2.2.2 *Tryggleiksutstyr og manglande underkjøyringshinder framme på lastebilen*

Undersøkinga har vist at lastebilføraren bremsa så godt han kunne for å redusera konsekvensane av kollisjonen mest mogleg. Lastebilen sitt antiblokkeringssystem blei sett ut av spel av feila i EBS-sensorane, som oppstod som følge av samanstøyten med personbilen. Årsaka til feila kan ha vore at sensorane blei skada i samanstøyten, eller at det oppstod lekkasje i trykkluftssystemet slik at fjørbremseblei kopla inn. Sjølv om dette førte til at lastebilen bremsa med låste hjul, er SHKs vurdering at det ikkje har hatt vesentleg betydning for utfallet av ulukka.

Undersøkinga har vist at mesteparten av energien i kollisjonen blei teken opp over golvhøgda på personbilen, kor han var dårleg rusta til å ta opp kollisjonsenergi. Lastebilen hadde unntak frå kravet om avskjerming mot underkjøring framme og var ikkje utstyrt med noko form for underkjøringshinder. Den relativt høge totalvekta til personbilen, med fire vaksne menneske og ca. 112 kg reisegods, kan samtidig ha gjort kjøretøyet relativt lågt. I tillegg gav skrensen, som personbilen var i før kollisjonen, ei ytterlegare samantrykking av fjørene på høgre side forårsaka av sidekrefter. Kombinasjonen av desse momenta kan ha bidrige til ein uheldig høgdeforskjell mellom treffpunktet på personbilen og punktet der han var best rusta til å ta opp kollisjonsenergi. Noko som kan ha påverka utfallet av kollisjonen negativt.

SHK meiner at bruk av eit lågt underkjøringshinder kunne ha resultert i mindre omfattande skadar, sjølv om det er usikkert kor stor betyding det ville ha fått i denne ulukka. Eit lågt underkjøringshinder ville ha gjeve eit lågare treffpunkt, som dermed kunne ha resultert i at meir av kollisjonsenergien blei teken opp av personbilen sitt karosseri og moglegvis ha gjeve eit større overlevingsrom i kupeen. I lys av dette stiller SHK seg kritisk til å ikkje utstyra slike lastebilar med underkjøringshinder framme, sjølv om dei oppfyller unntaksriteria i regelverket. SHK ber Vegdirektoratet merka seg dette, sjølv om det ikkje er grunnlag for å fremja ei tilråding på dette området i denne undersøkinga.

2.3 Vêr- og føreforhold

SHK meiner at vêr- og føreforholda i området var ein vesentleg medverkande årsak til ulukka. SHKs vurdering er at kombinasjonen av utviklinga i vêr- og temperaturforholda og resultatet av ulik vinterdrift med ulike snømengder på rodene i området kan ha gjeve svært krevjande føreforhold ved kollisjonspunktet då ulukka skjedde.

Undersøkinga har vist at vegen var delvis dekt med slaps og snø ved Grønbakken vêrstasjon, om lag 1,5 km sør for kollisjonspunktet, like etter ulukka. Her var det oppkøyde spor med betydeleg mengde snø mellom. Det har ikkje vore mogleg å fastslå nøyaktig kor mykje snø som låg på vegen då ulukka skjedde, men både biletet og registrert nedbørsintensitet indikerer at det kan ha lege kring fem cm snø eller meir mellom og utanfor dei oppkøyde spora. I tillegg har undersøkinga vist at det kan ha lege meir snø i vegbana nord for Grønbakken vêrstasjon enn på vegstrekninga sør for Grønbakken. Dette på grunn av tidsforskjellen mellom siste brøyting sør for Grønbakken og siste brøyting nord for Grønbakken og snøen som fall i denne perioden.

Undersøkinga har òg vist at vêret endra seg svært mykje berre i løpet av kort tid på føremiddagen før ulukka skjedde. Noko som gjorde det utfordrande for driftsentreprenøren nord for Grønbakken å oppfylla kravet til godkjent føreforhold om bar veg. Meteorologisk institutt prognostiserte at lufttemperaturen kunne sôkka under frysepunktet først etter kl. 1600, i lag med oppklarnande vêr. I røynda sokk lufttemperaturen under frysepunktet allereie før kl. 0900, då nedbøren ifølge registrerte data frå vêrstasjonen ved Grønbakken framleis kom i form av regn. Dette kan ha påverka entreprenøren sine val knytta til bruk av salt. SHK meiner at kombinasjonen av saltbruken og mengda med snø som fall i timane etter at han begynte å legga seg på vegbana kravde ein betydeleg innsats for å få brøyta denne snøen vekk frå vegen, og dermed betra friksjonen og oppnå bar veg.

SHK meiner at saltinga nord for Grønbakken kan ha ført til at ein vesentleg del av snøen som la seg på vegen smelta og gav eit høgare innhald av vatn i vegbana enn sør for Grønbakken, kor det ikkje blei brukt salt. Dette kan igjen ha ført til at det danna seg ei hinne av slaps, som det la seg eit lag med snø oppå etter at brøytebilføraren måtte ta turen mot Oppdal for å fylla drivstoff. SHKs vurdering er at desse momenta, kombinert med mengda av vasshaldig snø utanfor dei oppkørde spora og etter kvart ein vegbanetemperatur under frysepunktet med mogleg påfølgande isdanning, resulterte i svært krevjande føreforhold ved kollisjonspunktet då ulukka skjedde. Dei betydelege mengdene med vasshaldig snø på vegbana sannsynleggjer òg moglegheita for at personbilen kan ha plana.

Omtrent då personbilen passerte Avsjøen værstasjon, om lag 16,3 km sør for kollisjonspunktet, syner biletene derfrå at vegen nesten var bar. I tillegg blei det registrert ein berekna friksjonskoeffisient som var vesentleg høgare enn kravet til godkjent føreforhold. Dette kan tyde på at det jamt over var betre føreforhold sør for stiginga opp til Hjerkinn værstasjon, om lag 7,7 km sør for kollisjonspunktet, kor vegen i større grad var dekka av snø. I utgangspunktet burde avstanden mellom der vegen blei meir snødekt (i området kring Hjerkinn værstasjon) og kollisjonspunktet ha gjeve personbilføraren tid og høve til å tilpassa køyringa og avpassa hastigheita i tilstrekkeleg grad etter dei endra føreforholda. Dei nemnde faktorane over tyder samtidig på at føreforholda kan ha endra seg ytterlegare og til eit meir krevjande type føre nord for kontraktsgrensa ved Grønbakken.

SHK meiner dette uansett indikerer at det kan ha vore stor lokal variasjon i føreforholda på vegen fram mot ulukkestaden i personbilen si køyreretning, og at dei krevjande føreforholda på ulukkesstaden kan ha kome brått og til ein viss grad overraskande på trafikantane. Det kan ha vore utfordrande å oppfatta forskjellen på dei ulike føreforholda og avpassa hastigheita godt nok etter dei rådande føreforholda ved kollisjonspunktet. At personbilføraren hadde køyrd vegstrekninga fleire gonger tidlegare og var kjend i området, styrker dette argumentet.

2.4 Vinterdrift og tryggleik

2.4.1 Krav til vegens tilstand og forventningar til trafikantane

SHK meiner at tilstanden på vegen, med tanke på geometrisk vegutforming og føreforhold, kravde meir av personbilføraren enn det han klarte å handtera i situasjonen han hamna i like før ulukka. Undersøkinga har samtidig vist at vegen blei drifta i tråd med dei gjeldande krava i kontrakten for området der ulukka skjedde. Begge rodene på kvar side av kontraktsgrensa ved Grønbakken blei òg drifta i tråd med krava i dei gjeldande vinterdriftsklassane. Driftsentreprenøren på roda nord for Grønbakken oppfylte sitt kontraktsfesta funksjonsansvar for utføring av vinterdrift i området med å identifisera behovet for og setta i verk naudsynte tiltak ut ifrå værhendinga som oppstod på ulukkesdagen.

Dei generelle kontraktskrava aksepterer avvik frå godkjende føreforhold under værhendingar, så lenge vinterdriftsaktivitetar er i gong for å streva imot å oppfylla godkjende føreforhold og gjera avvika minst mogleg. Undersøkinga har vist at brøytebilføraren på roda nord for Grønbakken gjorde det han kunne for å oppnå dette. Han ville truleg òg innfridd kravet til maksimal syklustid for brøyting for den gjeldande vinterdriftsklassen (2,5 timer) om han ikkje måtte ha stansa ved Kongsvoll som følge av

ulukka, trass i den naudsynte turen mot Oppdal for å fylla drivstoff. Føreforholda som oppstod frå Grønbakken og nordover var svært krevjande, og SHK meiner at situasjonen kravde innsats utover kontraktskrava for å halda trafikktryggleiken ved lag i dette tilfellet.

Driftskontrakten er utforma med ei målsetting om å halda så føreseielege og sikre føreforhold som mogleg innanfor ei økonomisk ramme. Gjennom denne er det lagd ei føring på kva trafikantane kan rekne med å måtte møte av avvikande forhold utan at dette er skildra eller definert nærare.

